

CO hemoglobin i blod

Karbonmonoksyd- hemoglobin

Bakgrunn

COHb er eit kompleks mellom karbonmonoksid (CO) og hemoglobin. Store mengder CO hindrar hemoglobinet sin evne til å binde oksygen.

Indikasjonar

Nedsett bevisstheit og mistanke om CO-intoksikasjon.

Prøvemateriale



Venøst blod på EDTA-rør eller heparin-rør.

Arteriell prøve blodgassprøyte.

Haldbarheit: EDTA-blod og heparin-blod: 24 timar i kjøleskap.

Blodgassprøyte bør analyserast innan tretti minutt.

Referanseområde

Ikkje-røykarar	< 1,5 % av total hemoglobin
Røykarar	1,5 - 5 % av total hemoglobin
Storrøykarar	5 - 9 % av total hemoglobin

Tolkingar

Berre høge verdiar har klinisk betyding.

10 - 20 % COHb gir ingen eller få symptom

20 - 50 % COHb gjer pasienten uvel, kvalme og dyspne

>50 % COHb gir nedsett bevisstheit og tilstanden er livstrugande.